Eg kopierer bare dette sitatet frå Nei til vindkraft i Setesdal og ber om det samme: At forslaget til Høyre tas med i kommuneplanen, slik at vi kan sikre oss mot store inngrep i naturen som omgir oss.

Bygland kommune vedtok dagens samfunnsdel i mai 2020. I den står det at fornybar energi skal ikkje vere vindkraft produsera i Bygland kommune. I desember 2024 ble det vedtatt å sende ny samfunnsdel ut på høring, Høyre fremmet følgende forslag: Det skal ikke etableres vindkraftverk eller avsettes areal til dette i Bygland kommune. Dette ble nedstemt av AP og SP.

At denne viktige beslutningen ønskes tatt ut av planen, skuffer mange av AP sine velgere, da partiet gikk til valg på å ta vare på naturområder og i valgkampen flere ganger uttrykte motstand mot vindkraft.

Eg støtter forslaget fra Høyre og ber om at dette tas inn i planen og at fjell og hei og fjord bevares i år og i all tid fremover!!!

### Vedlegg

### Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til

Naturvernforbundet i Setesdal  
Epost: setesdal@naturvernforbundet.no

Bygland kommune  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Epost: post@bygland.kommune.no

31.01.2025

### Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel i Bygland kommune 2025-2036.

Syner til Bygland kommune sitt skriv, datert 16.12.2024: Høyringsforslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036. Naturvernforbundet i Setesdal meiner at vesentlege punkt er tekne ut av den tidlegare samfunnsdelen, og at viktige presiseringar manglar for å sikra ein berekraftig bruk av dei naturgjevne naturressursane i Bygland kommune. Naturvernforbundet i Setesdal har følgjande merknadar som bør leggjast til som kulepunkt på side 22.

Det skal ikkje etablerast vind- eller solkraftverk i Bygland kommune. Det skal heller ikkje setjast av areal til desse føremåla.

LNF- områda i utmark skal ikkje omregulerast til industri- eller hytteutbygging.

EU – direktiv, 2001/42/EØF: Forskrift om konsekvensutgreiing av miljøinngrep for kommuneplanen sin arealdel. Dette må gjennomførast med fagkompetanse godkjent av Statsforvaltaren i Agder - i tillegg skal det vera konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

EU – direktiv, 2014/52//EU: Forskrift om konsekvensutgreiing av miljøinngrep ved detaljregulering og sektortiltak - i tillegg skal det vera konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Bygland kommune tek føringa for å få i stand ei fleirkommunal og brei samansett arbeidsgruppe i Setesdal for å reinska Otra - vassdraget i Setesdal for krypsiv. Sekretariatet bør liggja hjå vassdragsforvaltaren og fiskebiologen som har kontor plass i Bygland.

Helsing Naturvernforbundet i Setesdal  
v/ Karin Bøe, leiar og Knut G. Austad, styremedlem



You don't often get email from linda\_omnes@yahoo.no. [Learn why this is important](#)

Et innspill vi hadde håpt var unødvenig mtp. valget, hvor det ble underskrevet en avtale om å IKKJE ha vindkraft i Bygland kommune.

Vi stiller oss bak endringsforslaget til Bygland Høgre:

**"Det skal ikke etableres vindkraftverk eller avsettes areal til dette i Bygland kommune."**

Her er eit stev dikta av Sven Jarle Aakus som seier alt:

**Om eg æ sliten, om eg æ lei  
då tek eg turen i fjødd å hei.  
Der æ so roleg, der æ so vent  
Å tankan slepper, det gjev meg fred.**

**No æ det sørgeleg, no bli det grått  
for yvi heiande vi da myllom ska rå  
Fugl å fiska og aire små.  
Dei gret so sårt, kor ska me ryme nå...**

**Om me vi live, å au bestå  
så lyt me tenkje på det me gjjer nå.  
For ska me hauste, så må me så  
men treng ein nature å kunne bruke då.**

Vi som stiller oss bak dette er:

- Linda Omnes
- Sven Jarle Aakhus
- Knut Edwardsen
- Britt Olga Edwardesen
- Kim Andre Nomeland Thorstensen
- Tanja Beate Omnes

You don't often get email from aust-agder@fortidsminneforeningen.no. [Learn why this is important](#)

Hei ♦♦

Vedlagt finn dykk vårt høyringssvar i forbindelse med revidering av Kommuneplanens samfunnsdel for 2025-2036. Me håper dykk tar hensyn til våre innspel.

Me ber om å varsle via altinn.no eller tilsvarende i det kommende kommuneplanarbeidet og andre plansaker der kulturmiljøverdiar kan bli påverka.

Tusen takk, ha ei god helg!

Beste hilsen,  
Torgrim Landsverk  
Styreleder

**Fortidsminneforeningen, Aust-Agder lokallag**

Gamle Tollboden (Ikke betjent),  
Nedre Tyholmsvei 7  
4836 Arendal

[aust-agder@fortidsminneforeningen.no](mailto:aust-agder@fortidsminneforeningen.no)  
[www.fmfaustagder.no](http://www.fmfaustagder.no)



**Fortidsminneforeningen**  
National Trust of Norway

Fortidsminneforeningen er en frivillig organisasjon som kjemper for at verdifulle kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på, slik at kommende generasjoner også skal kunne glede seg over dem. [Støtt oss, bli medlem](#) og [bli grasrotgiver!](#)



**Bygland kommune**

Sentrums 18  
4745 Bygland

post@bygland.kommune.no

Dato: 31. januar 2025

Deres sak: 2022/374

## **Høyringssvar - Kommuneplan (Samfunnsdel 2025-2036) for Bygland kommune.**

Det blir vist til utlysning på Bygland kommune sin nettstad rundt revidering av Kommuneplan (Samfunnsdel) for Bygland kommune med høyringsfrist 31. januar 2025. Me i Fortidsminneforeininga ynskjer med dette å komme med innspel i saka.

Fortidsminneforeininga har som formål å arbeida for langvarig bevaring av kulturminner og kulturmiljøer, samt å skapa allmenn forståing for verdiane av desse. Foreininga arbeider gjennom frivilligheten. Våre hovedoppgaver er mellom anna å arbeida for god stadstilpasning, styrkja tradisjonshandverket og bygningsvernnet, engasjere oss i lokale vernesaker og påverka kulturminnepolitikken i Noreg.

**Vår konklusjon:** Fortidsminneforeininga takkar Bygland kommune for det viktige arbeidet sitt med Kommuneplanens samfunnsdel. Det er mykje bra i planen, men me saknar meir fokus og klarleik rundt kulturmiljøverdiar som både identitetsbyggjar og som viktig bidragsytar for å nå FN's berekraftsmål. Identitet og særeigenheit bidreg til at folk kjenner ein tilhøyrsel til staden. Dei stadene med godt bevarte bygningsmiljø er også dei områda som folk ønskjer å bu, og der det er godt samhald og ei kjensle av identitet og tilhøyrsel. Dei gamle bygga er også dei aller beste døma på ekte sirkulærøkonomi. Det er eit felles ansvar å byggja vidare på desse kvalitetane og ikkje fragmentera og øydeleggja eksisterande kvalitetar. Me ber derfor om at ein med stoltheit og klarleik løftar fram kulturhistoriske verdiar og det å byggja vidare på det lokale og regionale i den vidare utviklinga av kommunen.

## TILBAKEMELDINGAR PÅ HØYRINGSUTKASTET - Samfunnsdel 2024-2034

Det er flott at ein har lagt til grunn berekraftsmåla i arbeidet, men det er dessverre uheldig at foreslått samfunnsdel ikkje nemner ord som kulturminne eller kulturmiljø. Innanfor Bygland kommune finst svært viktige kvalitetar innan kulturarven, som samfunnet bør bruka og leggja til rette for at blir vidareført til dei kommande generasjonane. Desse er også ein av styrkane til kommunen og bidreg til at ein verkar unike og ein stad med ein stolt identitet og sær preg.

Dette bes derfor komma tydelegare fram. Mellom anna må kulturmiljøpolitikken til kommunen nedfellast i kommuneplanens samfunnsdel, helst som eit eige kapittel med mål og strategiar som kan knytast til samfunnsdelens arealstrategiar og koplast opp mot andre mål innanfor til dømes reiseliv, næringsutvikling, folkehelse og friluftsliv.

### GENEREKT:

- Ordet «*Kulturmiljø*» blir ikkje nemnt ein gong. Det er svært mangefullt at eit så viktig interessefelt ikkje er vareteke i samfunnsplanen. Ord som «*kultur*» er nytta, men det er uklart kva slags form for kultur ein snakkar om. Me meiner det er viktig å ta vare på og føra vidare den historiske identiteten til kommunen i plan- og byggjesaker, også utanfor registrerte kulturmiljø. Dette er ei form for regionbygging og handlar om å visa stoltheit over eigen kultur- og bygningsarv og å byggja vidare på denne slik at ein også i framtida vil halda fram med å vera særeigne og attraktive.
- Ord som «*Kulturminne*» blir ikkje nemnt ein gong. Me gjentek her kommentaren vist til under «*Kulturmiljø*» over.
- Ordet «*Kulturhistoriske verdier*» blir ikkje nemnt ein gong. Me gjentek her kommentaren vist til under «*Kulturmiljø*» over.
- Ordet «*Kulturarv*» blir nemnt ein gong under punktet «*Føringar for arealplanlegginga i kommunen*» s. 22. Dette er flott, men er ikkje tydeleg nok rundt kva slags kulturarv ein snakker om. Me kunne derfor gjerne sett setninga skrive slik eller liknande for å klargjere betre: «*Sette fokus på å bevara Bygland kommune si historia og kultur- og bygningsarv, samt utvikle vidare gjennom god identitetsskapande stadstilpassing til omliggjande busetnad.*»

Me meiner det er viktig å gjere tydeleg at ein ønskjer å verka særeigne og attraktive, ved å byggja vidare på den historiske byggjesikken i Bygland som i hovudsak består av trehus og som har heilt klare karakteristikkar i takform (skråtak), materialval (tre), fargeval (tradisjonelle fargar), og volum (ikkje for store - oppdelte). Følgjer ein desse få prinsippa kan ein både byggja moderne, samtidig som at ein fører vidare lokal og regional særeigenheit. Denne byggjemåten er også betre tilpassa klimaendringane.

- Ordet «*Stadstilpassing*» blir ikkje nemnt ein gong. Me gjentek her kommentaren vist til under «*Kulturhistoriske verdiar*» over.

- Ord som «*Bevare*» blir nemnde to gonger, men berre ein gong når det gjeld kulturarv. Me opplever dette som vagt og me kunne gjerne sett at ein her skreiv litt meir om at det er viktig med ei gjennomtenkt forvaltning av både natur- og kulturmiljøverdiane. Sjå også forslaget vist til under «*Kulturarv*» over.
- Ord som «*Sirkulærøkonomi*», «*Kretsløpsøkonomi*» eller «*Krinslaupsøkonomi*» blir ikkje nemnt ein gong. Dette ordet er sakna i samfunnsplanen. Ekte sirkulærøkonomi er til dømes å bruka det som allereie er bygd. Det er sannsynleg at det står fleire bygg tomme i Bygland kommune. Desse ressursane bør nyttast før ein riv/byggjer nytt eller byggjer nytt andre stader i kommunen. Kva har Bygland kommune gjort for å få ei oversikt over desse?

Under punktet «*Føringar for arealplanlegginga i kommunen*» står det på s. 22, andre punkt, «Kommunen vil fokusera på nye bustadkonsept og lys i dagens bustader og gardsbruk». Dette høyrast flott ut, men bør være mykje tydelegare ved til dømes å seia følgjande eller liknande: «Kommunen vil fokusera på nye bustadkonsept, **men skal prioritera ombruk og lys i eksisterande bustader og gardsbruk som står tomme før ein bygger ned andre områder.**»

Fortidsminneforeningen har med støtte frå Riksantikvaren eit pilotprosjekt som heiter «Lys i gamle hus» der prosjektleiar er Bianca Wessel (bianca@fortidsminneforeningen.no). Ein av pilotkommunane er Voss i Vestland fylke og dei fortalte under [Arendalsuka 2024](#) om svært interessante funn etter å ha gjort undersøkingar rundt kva som faktisk står heilt tomt i håp om at ein på ny kan fylla desse husa med nytt liv. Kontakterson i Voss er Tora Lie Brunborg (tora@fortidsminneforeningen.no) om Bygland kommune ønskjer å få idear derfrå.

- Ord som «*Stadreparasjon*» eller «*Reparasjon*» blir ikkje nemnt ein gong. Stads- eller byreparasjon er av Riksantikvaren definert som «*Tilbakeføring av bygningar til tidlegare tilstand, rekonstruksjon av bygningar eller oppføring av nye bygningar som varetak og byggjer oppunder stader- og bymiljøs heilskap og sær preg*». Innanfor område der ein opplever at litt av identiteten sin og sær preg er i ferd med å bli øydelagt og der desse områda blir planlagde revitalisert, bør ein langsiktig tenkja «*Stadsreparasjon*» slik at ein byggjer vidare på det folket meiner er det ekte Bygland. Dette kan sjølv sagt variera frå grend til grend, men er likevel viktig å ta eit medvite val rundt.
- Ord som «*Kulturlandskap*» eller «*Landskap*» nevnes to gonger. Dette er flott, men ord som «*Kulturmiljø*» burde også komma inn, då både kulturlandskap og den bygde kulturarven kjem inn under «*Kulturmiljø*» omgrepene.

På s. 10 under punktet «*Bygland sine fortrinn*» kunne ein gjerne skrive følgjande eller liknande for å gje tydeleg at Bygland har kvalitetar ikkje berre i landskapet, men og i bygningsarven og kulturmiljøa samla sett;

Punkt 1: «*Verdas beste kommune for natur- og kulturlade menneske! Bygland gir deg fantastiske natur-, kultur- og friluftsopplevelingar frå fjord til fjell.*»

Punkt 3: «*Ein stolt bygningsarv*, eit frødige kulturlandskap og eit stort potensial for grøn næring.»

## SATSINGSOMRÅDER:

I utkast til kommuneplanens samfunnsdel har ein på s. 12-18 satt opp satsings- og fokusområda til kommunen. Me har følgjande kommentarar:

- Flott at berekraftsmål 11 og 12 er inkluderte. Kulturminne og eldre bygg er viktige bidragsytarar i arbeidet med å nå klimamåla. Bevaring, oppgradering og energieffektisering av eksisterande bygningar bidreg i dette arbeidet. Bygningar er klimavennlege fordi bygningane alléreia for lengst har utlikna klimagassutsleppa frå byggjeprosessen og oftast er bygde med svært gode materiale slik at dei kan stå i fleire generasjonar til. Ein kan lesa meir om dette i Riksantikvarens Klimastrategi.

Men det er også viktig å visa til berekraftsmål 11.4 som seier noko om viktigheita av å styrkja kultur- og naturarven. Ny busetnad bør tilpassast eksisterande kulturmiljø, både når det gjeld busetnadsmønster, volum og strukturar, byggjeskikk, material- og fargebruk. Om ein byggjer opp under det heilsakaplege miljøet, styrkjer ein også heile kulturmiljøet og gjer det robust til å stå over tid. Når ein ikkje tilpassar ny busetnad, bidreg ein til å fragmentera heile kulturmiljøet, og det blir meir sårbart.

- Me ber om at ein under satsings- og fokusområda til kommunen også får fram nokre av til dømes desse tankane:

- *Bygland er stolte av sine flotte natur-, kultur- og fjellmiljø.*
- *Bygland ønskjer gode bumiljø med god tilpassing til lokal byggjeskikk og kulturarv.*
- *Bygland ønskjer å utvikle seg som ein heilårsdestinasjon, med fokus på å styrkja dei lokale kvalitetane slik at den er attraktiv, gjenkjenneleg og sunn å bu i - ein berekraftig kommune som varetak næringslivet, arbeidstakarar, natur- og kulturarven, og besökjande.*
- *Bygland ønskjer å spele på lag med natur- og kulturarven.*
- *Bygland ønskjer å verna om dyrka mark og bruke innmark og utmark til matproduksjon.*
- *Kortreist mat og bevaring av kulturmiljøa styrkjer identiteten til Bygland og er bra for både miljøet og det lokale næringslivet.*
- *Der det er kulturmiljøverdiar, skal ein prioritera ombruk og transformering av bygningar framfor riving. I desse områda skal ein også planleggja og utvikla gjennom god stadstilpassing slik at kvalitetane i den lokale kulturarven blir*

*styrkte og ikkje svekte.*

## OMSYN SONER:

Sjølv om dette punktet ikkje er ein del av arbeidet med samfunnsdelen, tek me det likevel opp. Det gjer me fordi det kan vera ei stor utfordring i arbeidet med arealplanlegging og kulturmiljøarbeid når stader med viktige kulturmiljøverdiar (registrerte og ikkje-registrerte) ikkje er synlege i det kommunale kartverket.

Bygland kommune har potensiale for eit godt kartverk der dei har høve til å leggja til omsynssoner i kartlaga. Me kan ikkje finne bruken av omsynssone for «Bevaring kulturmiljø, H\_570» med påfølgende tydelige bestemmelser i kommuneplanbestemmelsene i desse kartlagene.

Når tida for revidering av arealplanen kjem ber me om at kommunen legg til alle kulturminne/-miljø som er nemnde i kommunens Kulturminneplan vedteke i 2020, som omsynssoner i ny kommuneplan og eventuelt også miljø med Sefrak registrerte bygg og arkeologiske kulturminne slik ein finn i Riksantikvarens kulturminnekartverk.

Dette arbeidet vil gjera det enklare for forvaltning og andre i det daglege arbeida deira slik at ulike omsyn blir følgt opp og slik at potensielle interessekonfliktar betydeleg blir avgrensa. Ei slik registrering i kartverket er også billig og kan enkelt knytast opp mot eigne bestemmelser i eit eige punkt i kommuneplanreglane for omsynssoner, når kommuneplanens arealdel skal reviderast.

## SAMANDRAG:

Ein kommuneplan (Samfunnsdel) er eit svært viktig dokument som skal ta stilling til langsigte utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet samla sett og kommunen som organisasjon. Den bør innehalda ei skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen. Derfor er me takksame for at me som interesseorganisasjon for kultur- og bygningsarven får medverka i prosessen.

Det er flott at Bygland kommune har lagt til grunn berekraftsmåla i arbeidet, men det er dessverre ueheldig at foreslått samfunnsdel ikkje har klargjort eller teke tydeleg nok omsyn til kulturmiljøinteressene, jf. plan- og bygningslova §3-1 bokstav b).

Bygland har ei stolt historie og bygningsarv, men med dagens utvikling generelt ser me oftare at slike kvalitetar kjem under sterkt press og viktige lokale håndverkstradisjonar som er viktig at blir vidareført dessverre mister grep. Difor kan ei tydeleggjering slik som her i Kommuneplanens samfunnsdel bidra til å styrkja ein positivt utvikling vidare der kunnskap vidareførast og kvalitetane ikkje blir svekte. Dette bes difor komma tydelegare fram i samfunnsdelen, slik at ein i det vidare arbeidet klarer å tenkja to ting på ein gong, nemleg utvikling gjennom bevaring - ikkje berre det eine eller det andre.

Me har på dette grunnlaget komme med nokre få punkt ovanfor som me meiner er svært viktige og som me meiner vil bidra til ein positiv og tydelegare berekraftig utvikling der kulturmiljøomsyna blir teke i betrakting. Me håpar difor at kommunen vil inkludera desse i den reviderte Kommuneplanen (samfunnssdelen).

Har dykk spørsmål i samband med høyringssvaret vårt så ta berre kontakt. Me ber om at me kan bli inkludert og varsla via altinn.no i det vidare arbeidet med Kommuneplanen.

Beste helsing,  
Fortidsminneforeininga, Aust-Agder lokallag  
v/Torgrim Landsverk  
Styreleiar

KOPI:

- Agder Fylkeskommune v/Seksjon for kulturminnevern og kulturturisme
- Riksantikvaren
- Fortidsminneforeininga, Agder avdeling

You don't often get email from olavgrendstad@gmail.com. [Learn why this is important](#)

--

mvh Olav Grendstad  
mob. 90 66 54 59

## **INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL**

1. Forslag til tilleggspunkt under overskrifta «I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet DERFOR PRIORITERER VI:» :

F

«Å være eit ope og inkluderande samfunn og at det kjem til uttrykk i all offentleg informasjon, på nett, på papir, på fysisk skilting, korleis folk vert møtt, og korleis ein legg til rette for folk som kjem utanifrå.»

2. Forslag til tilleggspunkt under overskrifta «I Bygland har alle ein trygg og god bustad DERFOR PRIORITERER VI:» :

G

«Å offentleggjere årleg antall bolighus i kommunen som ikkje har fast busetnad, og arbeide konkret og målretta for å få dette talet ned.»

-

Bakgrunn for forslaga:

1

Kommunens heimesider har dårlig oversikt, og det er vanskeleg å finne fram til informasjon, som til dømes leigepriser på lokale. Artikkelseryen om «Har du lyst til å flytte til oss i Bygland», har masse stoff om det eine og det andre, men ikkje ei einaste linje om det som er aktuelt om ein svarar ja på spørsmålet, nemleg husvære.

Symjehall og Kulturscene på Bygland er ikkje skilta i det heile, heller ikkje stasjonsområdet på Byglandsfjord m.a..

Parkeringsstilhøva for vitjande på Prestneset er uklare og mangelfulle både for badegjestar og folk som skal lade el-bilen.

Vedlikehald av fri- og uteområde (til dømes sentrumsområdet, Knutsbakk, Prestneset) er tilfeldig og fråværande, og gjer inntrykk av at ingen bryr seg om korleis det ser ut for andre.

2

Bygland hadde ved sist teljing (2023) 165 husvære utan fast busetnad, utan at desse er lagt ut korkje til leige eller sal, samstundes står folk i kø for å busetje seg i kommunen.

Hei

Eg prøvde å sende melding via skjemaløysinga dykkar, men er usikker på om innspelet mitt kom fram. Difor sender eg også éin vanleg e-post.

Då kommunestyret handsama saksnr. 114/2024, møtedato 05.11.2024, fremja Høgre framlegg om å ta inn éin ordlyd i samfunnsdelen om å ikkje etablere vindkraftverk eller sette av areal til dette i Bygland.

Dette framlegget fekk diverre ikkje fleirtal.

Det som så langt har vore bygd av landbaserte vindkraftanlegg i Noreg har først og fremst vore prega av svært omfattande naturinngrep og splitta lokalsamfunn. Begge delar er svært ueheldige.

Det er difor viktig at éin ny samfunnsdel av kommuneplanen er tydeleg på at vindkraftanlegg ikkje skal etablerast og det ikkje må setjast av område til dette i arealdelen av kommuneplanen.

Mvh Thor Skjevrak, Byglandsvegen 2, 4745 Bygland



## Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Innsendt	31.01.2025 21:18:23
ReferanselD	BYG0076-1299497
<b>Om innsendar</b>	
<b>Kven svarer du på vegne av?</b>	
<input type="checkbox"/> Organisasjon eller foretak <input checked="" type="checkbox"/> Privatperson	
<b>Privatperson</b>	
Namn Thor Skjevrak	
Adresse Byglandsvegen 2	
Postnummer 4 745	Stad
Telefonnummer 93285728	
E-postadresse Thor.skjevrak@vabb.no	

### Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå måla?

#### Mål 1 - I Bygland har alle ein trygg og god bustad

Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå dette målet?

#### Mål 2 - Barn og unge har det bra heime, i barnehagen, på skulen og i fritida

Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå dette målet?

#### Mål 3 - I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet

Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå dette målet?

#### Mål 4 - 6

#### Mål 4 - Talet på arbeidsplassar har auka med minimum 60 innan 2030

Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå dette målet?

#### Mål 5 - Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse

Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå dette målet?

## **Mål 6 - Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar**

Kva bør kommunen prioritere i arbeidet med å nå dette målet?

### **Kva kan du bidra med?**

### **Kva kan du eller di verksemd bidra med for å nå eitt eller fleire av måla i det vidare arbeidet?**

### **Har du forslag til korleis kommuneplanen kan bli forbetra?**

Framlegget frå H i sak 114/24 om å ikkje etablere vindkraft i kommunen må innarbeidast i både samfunnssdelen og seinare arealdel. Dette er særleg viktig for å unngå omfattande naturinngrep og splitta lokalsamfunn. Begge delar er svært uheldig.

### **Har du forslag til korleis kommuneplanen kan bli forbetra?**

### **Har du innspel til føringane for arealplanlegginga i kommunen?**

### **Vedlegg**

### **Vedlegg**

Ingen vedlegg er lagt til



BYGLAND KOMMUNE  
Sentrum 18  
4745 BYGLAND

Dato: 03.02.2025  
Vår ref: 20/09062-16  
Dykkar ref:  
Saksbeh.: Kåre Kristiansen  
Tlf.

## **Bygland kommune - Fråsegn ti I høyring av forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 - 2036**

**Fylkesutvalget har behandlet saken i møte 28.01.2025 sak 2/25**

Følgjande vedtak blei fattat::

### **Fylkesutvalget - vedtak**

1. Fylkesutvalet er positive til høyringsforslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel for Bygland kommune.

Særutskrifta frå handsaminga av saka er lagt ved brevet. Utskrifta inneheld saksframstilling og vedtak. Samla utgjer dei fylkeskommunen sitt fråsegn til planforslaget.

Med helsing

Kåre Kristiansen  
Rådgiver

*Brevet er godkjend elektronisk.*

**Kopi til:** STATSFORVALTEREN I AGDER



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 20/09062-11  
Saksbehandler Kåre Kristiansen

Bygland kommune - fråsegn til høyring av forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 - 2036

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fylkesutvalget	28.01.2025	2/25

**Fylkesutvalget har behandlet saken i møte 28.01.2025 sak 2/25**

### Votering

Fylkeskommunedirektørens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

### Fylkesutvalget - vedtak

1. Fylkesutvalet er positive til høyringsforslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel for Bygland kommune.

# **Bygland kommune - fråsegn til høyring av forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 - 2036**

## **Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet er positive til høyringsforslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel for Bygland kommune.

## **Vedlegg**

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036 Høyringsforslag 121224

Saksprotokoll Vedtak om høyring av planforslag for kommuneplanen sin samfunnsdel

## **Samandrag**

Fylkeskommunedirektøren er positiv til høyringsforslaget i kommuneplanen sin samfunnsdel for Bygland kommune. Bygland kommune har sendt ut eit forslag til revidert samfunnsdel i kommuneplanen for offentleg høyring.

Planen fokuserer på berekraftig utvikling, med hovudutfordringar som økonomisk handlingsrom, sosial ulikskap, og næringslivet sine utfordringar. Tre satsingsområde er definerte: eit attraktivt samfunn, variert næringsliv, og kvalitetsmessige kommunale tenester. Planen inkluderer også arealstrategiar for å støtte desse måla.

Fylkeskommunedirektøren roser Bygland for deira strategiske planlegging og meiner planen reflekterer Regionplan Agder 2030 godt med vekt på folkehelse, klima, og berekraftig verdiskaping.

## **Saksopplysningar**

Bygland kommune har sendt forslag til revidert samfunnsdel i kommuneplanen på offentleg høyring med frist 31. januar.

Fylkeskommunen er regional planmyndighet og høyringspart. Fylkesutvalet skal vurdere om forslaget er i tråd med Regionplan Agder 2030 og innspel frå fylkeskommunen til planprogrammet (FU-sak 80/24 frå 23. april 2024).

Planforslaget framhevar følgjande:

### Eit framtidsbilde

- Som konkretiserer visjonen for eit miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig kommunesamfunn.

### Tre hovudutfordringar:

- Kommunen sitt framtidige økonomiske handlingsrom er usikkert
- Den sosiale ulikskapen aukar
- Forvitra næringsliv og kompetanseangel

### Tre satsingsområde med tilhøyrande mål:

- Eit attraktivt og robust samfunn
- Eit meir variert næringsliv
- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Planforslaget inneholder også eit avsnitt med arealstrategiar som viser korleis satsingsområda skal følgjast opp i arealforvaltninga i kommunen.

## Prosess

Kommunen har i planarbeidet gjennomført to arbeidsverkstader med kommunestyret som har gjeve retning og hovudrammer for utforming av planforslaget. Bygland kommune har delteke i Agder fylkeskommune sitt pilotprosjekt for å styrke kommuneplanen sin samfunnsdel som politisk styringsverktøy.

## Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren skryter av Bygland kommune for deira innsats over fleire år med å styrke den strategiske kommuneplanlegginga. Den gjeldande samfunnsdelen vart vedteken i 2020, og sidan då har kommunen jobba for å forankre planen som eit viktig styringsdokument både i administrasjonen og på politisk nivå. Med forslaget til ny samfunnsdel har det nye kommunestyret sjansen til å forme planen vidare.

### Regionplan Agder 2030

Fylkeskommunedirektøren meiner at Bygland sitt planforslag på ein god måte reflekterer utfordringane og satsingsområda frå Regionplan Agder 2030, og framhevar det som er viktig for samfunnsutviklinga i Bygland.

### Folkehelse og levekår

Planen tek opp relevante utfordringar og peikar ut retningar for å skape attraktive og robuste samfunn. Den viser blant anna at det skal satsast på fleire tilgjengelege bustader og leilegheiter i sentruma med gode nærmiljø og offentleg infrastruktur, noko som er viktig med tanke på ein aukande andel eldre i kommunen. Dette er ein viktig innsats for eit meir aldersvennleg samfunn.

Ønsket om fleksibel bustadpolitikk og moglegheit for busetnad i heile kommunen kan vere positivt, så lenge utbyggingsbehov er avgrensa og det ikkje medfører større bustadfelt med lang avstand til dei etablerte sentra.

Planen framhevar også innsatsen for barn og unge for å redusere utanforskapsosial ulikskap, og understrekar behovet for kontinuerleg samarbeid med frivillige organisasjonar, foreldre og nærmiljø. Det er samstundes positivt at ein adresserer utfordringar med mangel på arbeidskraft og kostnadsvekst i kommuneøkonomien, og blant anna vil sjå etter løysingar i meir interkommunalt samarbeid og effektivisering i drifta.

### Klima og arealbruk

Regionplan Agder 2030 legg vekt på å bruke areala på ein måte som tek vare på naturen og reduserer klimagassutslepp. Planforslaget følgjer dette opp med strategiar som unngår bygging på myrområde og tek omsyn til auka risiko for skred, ras, flaum og annan klimapåverknad.

Planforslaget nemner ikkje spesifikt reduksjon av direkte klimagassutslepp, men fylkeskommunedirektøren oppfordrar kommunen til å vurdere å innføre eit klimabudsjett i løpet av valperioden. I den samanheng bør kommunen setje seg eigne klimamål, både internt og for samfunnet, som tek omsyn til kommunen sitt

handlingsrom og typar utslepp i kommunen. Dette er også relevant med tanke på kommunen si deltaking i klimapartnernettverket på Agder.

Fylkeskommunedirektøren støttar ideen om at framtidig hyttebygging skal vere innanfor regulerte område. Ifølge arealstrategien vil kommunen også vurdere etablering av - *enkeltståande lågstandard hytter [...] som ligg mindre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep.*

Lågstandard hytter kan representere ei meir berekraftig utvikling av hyttebygginga, og det er spennande at kommunen tek dette med i planforslaget. Når det gjeld plasseringa av desse, gjer fylkeskommunedirektøren merksam på at nye statlege retningslinjer for mobilitet og arealbruk spesifiserer i avsnitt 3.5 for fritidsbustader at mindre enkeltståande bygg tilpassa omgivnadene kan tillatast når plasseringa er basert på eksisterande bruk av eigedommen, i tilknyting til eksisterande bygg, og ikkje utløyer behov for ny infrastruktur.

Ved plassering av slike hytter må desse faktorane også vurderast i tillegg til kommunen sitt avstandskriterium. Ordinære nye hyttefelt, også med lågstandard hytter, bør skje som utviding eller fortetting i eksisterande fritidsbustadområde.

Fylkeskommunedirektøren meiner også at arealstrategiane gir gode retningslinjer for arealforvaltninga, inkludert ei framtidig revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

#### Berekraftig verdiskaping

Fylkeskommunedirektøren er positiv til kommunen sitt satsingsområde for eit meir variert næringsliv. Kommunen ønskjer ei berekraftig bruk av naturressursar og å sjå næringsutviklinga som del av stadutviklinga. Dette er i tråd med omstillingsprosjektet Bygg Bygland som fylkeskommunen er involvert i (HNKM-sak 63/24 frå 21. november 2024).

### **Regionplan Agder 2030**

Samfunnssdelen i kommuneplanen er eit viktig dokument der kommunen kan konkretisere si rolle i oppfølginga av Regionplan Agder 2030.

#### Barn og unges interesser

Med samfunnssdelen i kommuneplanen vedtar kommunen langsiktige mål for utviklinga av kommunesamfunnet. Planen inneheld fleire mål innanfor alle satsingsområde som har stor relevans for barn og unge.

### **Konklusjon**

Planforslaget gir eit godt grunnlag for vidareutvikling av Bygland kommune som eit attraktivt, berekraftig og robust samfunn. Fylkeskommunedirektøren er positiv til den strategiske retninga i planforslaget og har berre nokre mindre etterhald til enkelte avsnitt i planen.

Kristiansand, 13.01.2025

Tine Sundtoft  
fylkeskommunedirektør

Kenneth Andresen  
fylkesdirektør Analyse og plan

Det er ikke ofte du tek imot e-post frå knutsigurd@outlook.com. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Syner til utsett uttalefreist. Bygland sau og geit bed om at følgjande formulering vert tatt inn til dømes på side 22 under kulepunkt 12:

*Kommunen vil tilrettelegge for aktiv bruk av utmarksbeita.*

Vi ser at beitebruken i utmarka er viktig for å hindre attgroing og gjev meir fôr på gardar der jordgrunnlaget er avgrensa.

Med helsing Knut Sigurd Haugå

Ieiar Bygland sau og geit

---

**From:** Skjevrak, Sonja Lien <sonja.skjevrak@bygland.kommune.no>

**Sent:** Friday, January 31, 2025 12:35:54 PM

**To:** Knut Sigurd Haugå <knut.sigurd.hauga@nlr.no>

**Cc:** even simensen <evensimensen@hotmail.com>; Brekke, Aslak Jørundland <aslak.jorundland.brekke@bygland.kommune.no>

**Subject:** SV: Uttale samfunnsdel - kommuneplan

Hei

Høyningsperioden har vore i seks veker, og fristen er i dag 31. januar. Vi ønskjer å få inn gode innspel til planen, og meiner at det har vore ei akseptabel lengde på høyningsperioden. Etter planen skal kommuneplanen sin samfunnsdel til politisk behandling i neste møterekke 3-13. mars. Bygland Sau og geit får **utsett høyningsfrist til fredag 7. februar 2025**.

Med venleg helsing

**Sonja Lien Skjevrak**

Fagleiar plan| Samfunn

**M** +4790151154 | **E** [sonja.lien.skjevrak@bygland.kommune.no](mailto:sonja.lien.skjevrak@bygland.kommune.no)  
**Web** | [Facebook](#) | [LinkedIn](#)



Bygland kommune

Med hjarta i Bygland

---

**Frå:** Knut Sigurd Haugå <knut.sigurd.hauga@nlr.no>

**Send:** torsdag 30. januar 2025 16:01

**Til:** Skjevrak, Sonja Lien <sonja.skjevrak@bygland.kommune.no>

**Kopi:** even simensen <evensimensen@hotmail.com>

**Emne:** Uttale samfunnsdel - kommuneplan

Det er ikke ofte du tek imot e-post frå [knut.sigurd.hauga@nlr.no](mailto:knut.sigurd.hauga@nlr.no). Finn ut kvifor dette er viktig

Hei – på vegne av Bygland Sau og geit bed eg om utsett frist for innspel til samfunnsdelen av kommuneplanen til 1. mars 2025.

Vi vil gjerne ivaretake beitenæringa sine interesser og treng meir tid.

Med helsing

---

**Knut Sigurd Haugå**

Rådgiver

**Norsk Landbruksrådgiving SA**

Sentrum 16, 4745 Bygland

Mobil: +4791360016

[knut.sigurd.haugå@nlr.no](mailto:knut.sigurd.haugå@nlr.no) / [www.nlr.no](http://www.nlr.no)

